



Harald Høiback under føredragskroa laurdag.

**Oberstløytnant Harald Høiback starta med å sei at Noreg bruker 50 milliardar på forsvarsbudsjettet 2017. Dette er 1,6 % av Staten sine inntekter. Målet er at vi om få år skal bruke 2 % av forsvarsbudsjettet, slik at det vil ligge på ca. 70 milliardar.**

Kvifor gjer vi det? Kvifor bruker vi så mykje pengar på det norske forsvaret? Kva får vi att for dei pengane? Offisielt vil vi ha eit så sterkt forsvar at ingen ønskjer å prøve seg på oss.

Har vi det?

Gir dei 50 milliardane oss ei reell tryggleik, eller vert det brukt så mykje pengar for at vi skal kjenne oss trygge, sjølv om vi ikkje er det?

Høiback stiller spørsmål om kvar dei uavhengige fagfolka er, dei som utan tilknytning til regjering eller forsvarsetaten kan dokumentere bruken av pengane og vurdere i kva grad vi har grunn til å kjenne oss trygge.

Han etterlyser med andre ord ein ekstern, uavhengig fagleg ekspertise.

Ho finst ikkje.

Han sa vidare at dei fleste menneske no har blitt vane med militær inkompetanse, og at det i samarbeidet mellom regjering og forsvar er vanskeleg å skilje mellom kva som er politiske vedtak og kva som er forsvarsfaglege vedtak. Alt vert ei samrøre, og det er stor fare for at ein innad vert 'blind' i situasjonar og utviklar dysfunksjonelle funksjonar. Gruppetenking og mentale blindfunksjonar, som Høiback kalla dei, vert vanskelege å oppdage av miljøet sjølv.

Verst meinte Høiback at situasjonen vart etter at ISL, integrert strategisk leiing, vart oppretta, ei leiing i departementet som inneheld folk både frå forsvaret og forsvarsdepartementet.

Etter kvart såg Høiback og andre fleire faresignal, og det kom framlegg om å løyse opp ISL for å utvikle 2 uavhengige einingar som lettare kunne kontrollere kvarandre og den akselererande og ukontrollerte pengebruken, - men spørsmålet vart aldri teke reelt opp og samrøra held fram, utan annan ekspertise enn den interne.

Spørsmålet om kva sterke krefter som er til hinder for at vi har ein uavhengig ekspertise på området, fekk vi heller aldri svar på.

Høiback fortalde at Noreg aldri har oppfylt sine eigne forsvarsplanar etter 1814. Det høyrer jo lite tillitvekkjande ut.

Og informasjonen som Høiback starta med, om at Noreg nyttar 50 milliardar kroner kvart år til forsvaret utan å vite om det er bortkasta, fekk vi heller aldri svar på.

Oberstløytnant Harald Høiback hadde eit tankevekkjande, - og kanskje litt skremmande, innlegg om situasjonen i det norske forsvaret & forsvarsdepartementet.

Tekst og foto: Vidar Haugland

Nett: Thor Inge Døssland